

Saksbehandlar: Erik Kvalheim**Kommunedirektør:** Åsmund Andersen Sekse

Saksnr.	Utval	Møtedato
056/25	Formannskap	19.11.2025

Mindre endring av føresegner i kommuneplanen sin arealdel for Etne kommune.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til mindre endringar av føresegner om naturfare i kommuneplanen sin arealdel 2023-2030 blir sendt ut på ei avgrensa høyring etter PBL § 11-17.

Formannskap 19.11.2025

Behandling:

F - 056/25 Vedtak:

Samrøystes

Framlegg til mindre endringar av føresegner om naturfare i kommuneplanen sin arealdel 2023-2030 blir sendt ut på ei avgrensa høyring etter PBL § 11-17.

Saksutgreiing

Samandrag

Kommuneplanen sin arealdel 2023-2030 (heretter KPA) blei vedteke 10.12.24. Det er behov for å gjere endringar i føresegner for naturfare. Plankravet som i dag ligg til omsynsonene for naturfare er juridisk bindande, og medfører at mange tiltakshavarar må søkje om dispensasjon frå kravet. Dei må då også betale gebyr for dette, noko som har medført ein uheldig praksis, som vi ønskjer å endre på. Det har vore dialog med NVE og Statsforvaltaren i Vestland om saka, og eit framlegg til endringar av føresegnene er no klar for å sendast ut på ei avgrensa høyring. Framlegget ligg vedlagt, der ny tekst er skrevet med raudt, med overstryking på tekst som utgår. Hovudføremålet med endringane er å innføre ein prosedyre i føresegnene, som kan avklare tryggleiken i plan- og byggjesaker og såleis gi fritak frå det generelle plankravet. Prosedyren har NVE sjølv utforma.

Bakgrunn for saka

I kapittelet om generelle føresegner og retningslinjer i KPA ligg der i underkapittel 2.1 om plankrav inne følgjande føresegn: For område innan omsynssone naturfare er der alltid plankrav. Bakgrunn for

føresegna er statlege føringar som ligg i Kirke- og kulturdepartementet sitt rundskriv H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling, som seier at: «*Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt.*

Saks- og faktaopplysningar

Omsynsonene i KPA er basert på NVE sine nasjonale aktsemdskart, som ligg i NVE-Atlas.

Aktsemdskarta markerer område som kan vere utsett for naturfare, men dei avklarar ikkje reell fare i einskildsaker, som krev meir detaljert farekartlegging utført av fagkunnige. Etne kommune har i KPA nytta ei samla omsynssone for aktsemdskart for snøskred sikkerheitsklasse S3 2023, aktsemdskart for steinsprang og aktsemdskart for jord- og flaumskred. Desse er laga som eit temakart som ligg ved kommuneplanen, og som er gjort juridisk bindande. S3-nivå er lagt inn i planen etter råd frå NVE ved fyrste høyring av planen. Tilsvarande er også flaumkarta lagt på F3-nivå, der dei er klyppa mot nyaste kunnskap (flaumfarekartlegging på F3-nivå) for Etne sentrum.

Sikkerheitsklasse S3 omfattar byggverk der det normalt oppheld seg meir enn 25 personar (dvs. høg konsekvens; t.d. skule, barnehage, sjukeheim, lokal beredskap) og er den strengaste sikkerheitsklassen i teknisk forskrift TEK17. Utfordringa er at dei aller fleste byggjetiltak i Etne kommune er tiltak i S1 (låg konsekvens, lite/ingen personopphald, uthus, lager, brygger o.l.) og S2 (middels konsekvens, personopphald inntil 25 personar, bustadar, fritidsbustadar, driftsbygningar mm.). For S1- og S2-tiltak finst der i mange høve oppdatert kunnskapsgrunnlag om naturfare, t.d. NVE sine aktsemdskart, som m.a. skil mellom S2 og S3, og som på visse vilkår også tek omsyn til skogeffekt, dvs. eksisterande skog sin førebyggjande effekt på skredfare. Dagens føresegn opnar ikkje for unntak frå plankravet, sjølv om omsøkte tiltak i praksis kan friskmeldast gjennom bruk av eksisterande kunnskap, t.d. gjennom bruk av aktsemdskarta i NVE-Atlas. I ytste konsekvens frittek heller ikkje eksisterande farekartleggingar for kravet om dispensasjon frå plankravet.

Vurdering

NVE har altså sjølv utarbeida ein prosedyre for avklaring av reell skredfare innanfor omsynssone basert på aktsemdskarta for snøskred S3 2023, steinsprang og jord- og flaumskred. I mange høve vil S1- og S2-tiltak kunne friskmeldast basert på prosedyren, og utan bruk av fagkunnige. Vi ønskjer å innarbeide prosedyren i føresegnene til KPA. Det er derimot ikkje lagt opp til endringar i plankartet til KPA eller gjennomgang av eldre reguleringsplanar, såkalla planvask, i samband med endringane. Det blei gjennomført planvask på tema naturfare ved fastsetting av H910-område i KPA i 2024. Dette tydar at planane på lang veg er vurdert etter siste kunnskap. Administrasjonen meiner difor at planane som er vidareført i sin heilskap pr. kunngjeringa av KPA januar 2025, er oppdaterte slik at dei verken blir vanskelege å gjennomføre eller lite føreseielege som styringsverktøy. NVE sine databasar blir i tillegg oppdatert med visse mellomrom, som t.d. i oktober 2025 for kartlaget for jord- og flaumskred, og oppdatering for steinsprang er på veg, så det er i praksis ikkje mogleg for KPA å vere ajour med NVE-Atlas til ei kvar tid. På den anna side blir NVE sine kartbasar sjekka ut i våre einskildsaker og planar, og krav om dette ligg også inne i dei framlagte endringane i føresegnene.

Det er gjort endringar i føresegnene §§ 2.1, 2.1.1, 2.16, 2.17, 6.2.12 og 8.3. NVE sin prosedyre ligg under punkt 2 i § 8.3. Punkt 1 gjeld fritak frå plankrav, på visse vilkår, for einskilde typar mindre tiltak med krav om søknadsplikt etter PBL § 20-1 bokstav a-n. Det er her fokusert på om tiltaket vil føre til persontilflytting eller ei. Andre endringar i føresegnene gjeld stort sett tilvisingar til regelverket i § 8.3. § 2.16 om aktsemdsområde i fjellet blir fjerna, sidan NVE-Atlas sine aktsemdsoner no også dekker områda i høg fjellet, noko som gjer føresegna overflødig.

Statsforvaltaren har nemnt at endringa av føresegner kan skje etter PBL §11-17 og at 3 vekers høyringsfrist vil vere tilstrekkeleg i denne saka, så lenge Etne kommune og NVE er einige om ordlyden. Framlegget har vore til uttale hos NVE, og det er gjort nokre justeringar basert på deira merknadar, i hovudsak under punkt 1 i § 8.3. NVE omtalte også planvask, men som nemnt er dette arbeidet avgrensa til endringar i føresegnene.

NVE har vore tydeleg på at S3/F3- og S2/F2- tiltak er knytt til nasjonale og regionale interesser, men ikkje S1/F1-tiltak, som gjeld meir lokale interesser. For desse gjeld teknisk forskrift og ligg i utgangspunktet innanfor kommunen sitt handlingsrom.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Framlegg til mindre endringar av føresegner om naturfare i KPA er klar for å sendast ut på ei avgrensa høyring etter PBL § 11-17.